


Kontrollutvalet i
Sauda kommune

KONTROLLUTVALET SI
ÅRSMELDING
FOR 2011



1. INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar **internt** tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal stå for tilsynet (§77). Kontrollutvalet er eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2007-2011 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer

Henrik Kleveland - leiar
Wenche Pleym - nestleiar
Inge Løyning

Varamedlemer:

1. Ingvar Hagen
2. Bente Rafdal

For perioden 2011-2015 har Sauda kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Inge Løyning – leiar
Wenche Pleym – nestleiar
Katrine Skorpe

Varamedlemer:

1. Egil Bakke
2. Sjur Hatlen
3. Anne Grethe Lindseth

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010

Kontrollutvalet har i 2011 hatt 5 ordinære møte fordelt på to møte første halvår og tre møte andre halvår. I tillegg vart et møte tatt per e-post. Utvalet har handsama 23 saker:

1/11	Avtaler med kommunar i Ryfylke om it-samarbeid
2/11	Godkjenning av protokoll
3/11	Referatsaker
4/11	Årsmelding for kontrollutvalet 2010
5/11	Revisjonsrapport sal/tildeling av kommunale næringstomter
6/11	Revisor si eigenerklæring for 2011
7/11	85 tilrådingar om eigenkontroll i kommunane - status/vidare oppfølging av rapporten
8/11	Godkjenning av protokoll
9/11	Referatsaker
10/11	Uttale til kommunerekneskapen 2010
11/11	Reglement for kontrollutvalet
12/11	Godkjenning av protokoll
13/11	Referatsaker
14/11	Budsjett for tilsyn og kontroll 2012
15/11	Evaluering av kontrollutvalsarbeidet 2007 -2012
16/11	Godkjenning av protokoll 06.09.11
17/11	Referatsaker
18/11	Framtidig revisjonsordning frå 2012
19/11	Revisjonstenestene på anbod – kravspesifikasjon (<i>ikkje offentleg, jf off.l. § 23</i>)
20/11	Godkjenning av protokoll 04.10.11
21/11	Referatsaker
22/11	Revisjonsordning frå 2012 – konkurransegrunnlag (<i>ikkje offentleg, jf off.l. § 23</i>)
23/11	Møteplan 2012

Møta i kontrollutvalet er haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova § 77 nr 8.

Inge Løyning, Wenche Pleym og Henrik Kleveland deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 07.-08.06.11.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgaver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom å sjå til at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Kontrollutvalet har handsama kommunerekneskapen og hamnerekneskapen for 2010 og har gitt sin uttale til rekneskapane til kommunestyret.

Skatterekneskapen for 2010 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet har kommunestyret godkjent plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2008-2011.

I møte den 22.02.11 behandla kontrollutvalet forvaltningsrevisjonsrapporten ifrå Haugaland kommunerevisjon tilknytte kommunen si forvaltning av eigedomsmassen sin, avgrensa til tildeling/sal og kjøp av industritomter.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg også kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Kontrollutvalet har lagt fram sitt framlegg til plan for kommunestyret, som godkjende planen i samsvar med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført selskapskontroll i kommunalt eigde verksemdar dette året.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Sauda kommune er med i ei interkommunal revisjonsordning (interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27) saman med kommunane Bokn, Etne, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord.

Sauda kommunestyre vedtok i sitt møte den 05.oktober 2011 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbod på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN den 29.12.11. Kommunestyre vil velje ny revisor i løpet av første halvår i 2012.

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har i 2011 vore oppdragsansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter, og revisor har deltatt på to av kontrollutvalet sine tre møte. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2011 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 649 000.

4.6 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011 ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten har i 2011 vore normal med omsyn til møteaktivitet og saker.

Sauda, 16.februar 2012

Inge Løyning
Leiar
(sign)

Wenche Pleym

(sign)

Katrine Skorpe

(sign)